



NYTT UNDER STOREN 2-14

Internavis for Luster kommune

Gode medarbeidar.

Me har inntrykk av at nr. 1 av internavisa vart godt mottatt, det har me fått fleire tilbakemeldingar på. Me prøver derfor igjen og har tru på at betre informasjon som regel vil vere av det gode. Informasjon som spesielt vil vere relevant for dei tilsette og større saker vil vere det mest aktuelle å ta fram.

Tilbakemeldingane har vore positive, men tipsa om kva informasjon som bør med kan gjerne vere fleire så det er fritt fram for å svare på e-post eller på anna vis ta kontakt om det.

I det kommunale årshjulet har me ei oppsummering kvar fjerde månad med tertialrapportering. Rapporten går og til politisk behandling i formannskap og kommunestyre. Me ser føre oss at internavisa minimum skal ha tilsvارande frekvens og ta med seg noko av det same innhaldet.

I dette arbeidet er det viktig å ha med seg at rapporteringa vil ha fokus på ting som ikkje har gått som føresett og planlagt. Det kan derfor vere greitt å minna kvarandre om at det aller meste går som planlagt og at uføresett er både av det positive og negative slaget. Slik er det og i 2014, me får gjennomført tiltak, levert tenester og tilbod som tidlegare og som planlagt.

God sommar og ferietid.



Jarle Stensbu

Økonomien i kommunen, Tertialrapport 1 - 2014

Me har tidlegare signalisert at 2014 blir eit krevjande år for kommuneøkonomien i Luster kommune. Når me no summerer opp første tertial så er det grunn til å understreka dette. Alt tyder på at 2014 vert eit år der me brukar av reservane våre, og meir av dei enn rekna med.

I budsjettet har me lagt til grunn at det må nyttast nærare seks millionar av fond, hovudsakeleg grunna ekstra stor belastning på pensjon dette året. Etterprøving av prognosar syner og svikt i økonomien på andre område. Den milde vinteren har resultert i låge kraftprisar og kraftinntektene vil truleg bli omlag 3 million lågare enn lagt til grunn i budsjettet. Prognosane på skatt- og rammeinntekter ser ut til å mangla vel ein million for å innfri budsjettet.

Frå drifta får rådmann melding om at fleire driftsrammer er for stramme. Aktivitetsauke i barnehage, svikt i inntekter i pleie og omsorg mellom anna grunna ledig kapasitet, press på nokre vedlikehaldsområde og opprettingar gjer at det er meldt om meirforbruk opp mot fire million kroner.

På den andre sida så har vinteren med lite snø spart oss for meir enn ein halv million på snøbrøytinga og også andre

driftsområde ser ut til å ha ein liten positiv margin på budsjetttrammene. I verste fall syner tertialrapporten at me er 12-13 million utanfor balanse i budsjettet. Aktivt arbeid med budsjetttiltak og god budsjettdisiplin må söke å redusere denne ubalansen.

Også på investeringsprogrammet syner det seg vanskeleg å halde budsjetttrammene. Fleire av dei ferdigstilte prosjekta har overforbruk som ikkje er oppgjort og prosjekt som skal gjennomførast treng auka rammer, jf at me nett har handsama utbyggingsplanen for Hafslø skule. Fleire pågående prosjekt greier heller ikkje å halde budsjetttrammene sine. Spesielt Hafslø barnehage har fått uføresette utfordringar. Me har heller ikkje noko val når det gjeld å byggje opp igjen den utraste svingen på Engjadalsvegen til ein kostnad på 2 million kroner.

Ut frå dette er det viktig at me held fram arbeidet med å betre balansen i økonomien gjennom 2014 og i vidare plan- og budsjettarbeid. Det handlar både om å auka inntekter og å redusera utgifter. Innstrammingar i drifta og strukturendringar, som kjøkensaka, må på kartet på vegen vidare.



[Her er lenke til Årsrapport, rekneskap og tertialrapportar](#)

Gerica Mobil Pleie (PDA - personleg digital assistent)

Luster heimeteneste har teke i bruk smarttelefonar til å dokumentera i Gerica, dokumentasjonsprogrammet for pleie og omsorg.

Me er dei første i Sogn og Fjordane til å ta i bruk denne teknologien. Gerica Mobil Pleie gjev oss sikrare og meir effektiv dokumentasjon. Sluttbrukarane, som er dei tilsette i heimetenesta, har raskt lært seg bruken av telefonane og har vore svært flinke til å ta i bruk den nye teknologien.



Elene Beheim er ein nøgd brukar av Gerica Mobil Pleie

PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune,
perioden 11.03.2014 - 01.06.2014

Velkomen!

Økonomiavdeling:

Ingvild Midtun Kjos –
økonomikonsulent

Folkehelse:

Nanna Steinberg –
ungdomskontakt

NAV:

Helge Veum – flyktningkonsulent
(27.01.14)

Helse:

Bjørg Nundal Stegegjerdet –
helsesekretær (01.01.14)

Takk for innsatsen!

Luster heimeteneste:

Annlaug Svanheld - sjukepleiar
Berit Kvamme - hjelpepleiar
Margit Åberge - heimehjelp

Luster sjukeheimsteneste:

Brita Hillestad - hjelpepleiar
Laila Årøy - sjukepleiar

Dikt av Jon Hørnevik: Eg tenkjer på kommunen min

Eg tenkjer på kommunen min,
eg tenkjer på deg stått,
eg har tankar om kommunen min,
der kor eg er født.

Eg tenkjer på kommunen min,
du er min eigen hær,
for kommunen er der alltid,
du er meg alltid nær.

Eg tenkjer på kommunen min
når livet går i lås,
du gir meg vatn i springen,
du hentar skit og bas.

Eg tenkjer på kommunen min,
den fyller opp mitt sinn,
om andre skulle svikta meg
har eg kommunen min.

Stundom spør folk rundt meg,
kva eg no tenkjer på,
dei stivnar litt i maska,
når eg svarar så:

Eg tenkjer på kommunen min,
den reddar titt mitt skinn,
når eg har tenkt for mykje,
har kommunen lagt meg inn.

Introduksjonsseminar for nye tilsette 29. august

Som ledd i det nye introduksjonsprogrammet vil alle nye tilsette (frå 2014) bli invitert til eit seminar på kommunestylesalen den 29. august. Her vil mellom anna ordførar, rådmann og PO informere om kommunen som arbeidsgjevar.

Personal og organisasjon (PO) vil sende ut invitasjon til dei det gjeld i forkant.



Sentralkjøken i Pleie og omsorg

Kommunestyret gjorde i sitt møte 22. mai følgjande vedtak i kjøkensaka:

Vedtak:

1. Kjøkenorganiseringa i Luster vert lagt om frå dagens løysing med tre små kjøken til ei framtidig løysing med eit sentralkjøken ved Gaupne omsorgssenter.
2. Drifta av det nye sentralkjøkenet vert basert på kok-kjøl/sous-vide metoden.
3. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre omlegginga. Det skal leggjast vekt på å styrke personalsituasjonen i avdelingane for å hjelpe med servering i ein innkøyningsperiode.
4. Dei økonomiske løyvingane til investeringar og drift av det nye kjøkenet vert handsama i tertialrapporteringa og i kommunen sitt budsjett for 2015.


Oppfølging:

Oppfølging av vedtaket er skildra i saka som vart handsama i kommunestyret. I dette ligg at arbeidet med omlegginga vil bli gjennomført som eit prosjekt med rådmannen som prosjekteigar og ei prosjektgruppe. Det vil bli lagt vekt på gode prosessar med brei involvering av leiarar, fagpersonell, tillitsvalde og brukarrepresentantar, samt bruk av ekstern hjelp etter behov. Målsetjinga er at ein seinast over sommarferien 2015 får ein overgang til sentralkjøken.

Vilkår for tilsette:

Rådmannen vil presisere at Luster kommune sin tidlegare praksis i slike omstillingsprosjekt vil bli vidareført også i dette prosjektet. I dette ligg at ingen skal miste jobben som følgje av ny kjøkenorganisering, men at tilsette kan få endringar i oppgåver, arbeidsmetodar, arbeidstid mm, og at det vil bli gjeve tilbod om anna arbeid - om det vert naudsynt.

Rådmannen ynskjer alle involverte lukke til med eit viktig og framtidsretta utviklingsarbeid.




Lenkje til meir om kok-kjøl/sous-vide metoden

KOMPETANSE/REKRUTTERING

KVALITETSARBEID

ORGANISASJONSUTVIKLING



Auka fokus på innrapportering av hendingar i LKK

No når "nye" LKK er sett i drift ønskjer rådmannen eit auka fokus på det å melde inn hendingar (avvik, observasjonar og forbettingsframlegg).

Føremålet med å innrapportere hendingar/avvik er å sikre at hendingar som til dømes brot på lover, føresegner, prosedyrar eller rutinar vert registrerte og nyttar til læring, forbeting og utvikling.

I LKK er det ein eigen modul (system) for behandling av hendingar, under kan du lese meir om dette.

System for handsaming av avvik, observasjonar og forbettingsframlegg

Luster kommune har eit felles system for melding om avvik, observasjonar (uønska hendingar som nesten ulykker, skader mm) og forbettingsframlegg. Ved å registrere og handsame alle hendingar i same system, får vi tatt ut gode rapportar og statistikkar.

Dokumentasjon av hendingar og tiltak som blir sett i verk som følgje av innrapporterte hendingar, er ei viktig kjelde til forbeting av kommunen sine prosedyrar/rutinar og kommunale tenester. Forbettingsprosessen skal skje kontinuerlig både i einingane og sentralt i kommunen, og den skal involvere alle tilsette.

Avvikshandtering

Eit avvik blir definert som ein feil eller mangel ved stetting av krav som er satt til innhald og utføring av desse oppgåver og tenester, internt eller eksternt, som vi alle utfører, t.d. avtalt leveranse, gitte prosedyrar, overhaldning av lov- og forskriftskrav m.m.

For avvikshandtering skal ein følgje prosedyren: " Melding om avvik, observasjonar og forbettingsframlegg".

Haldepunkt for vurdering av når eit avvik bør/skal meldast, vil vere følgjande:

- ved gjentekne feil
- sikkerhetsforhold i einkvar samanheng
- spesiell risiko i arbeid med barn, unge og eldre
- helse- og ulykkesfare i arbeidssituasjonar
- uønska hendingar (nestenulykker og ulykker) i høve til Luster kommune sitt HMT - system
- risiko for betydelige økonomiske og materielle konsekvensar
- brot på lover- og forskrifter

Dei einskilde tenesteområda og einingar i kommunen må sjølv definere nærmare kva for hendingar som skal meldast og kor meldingsterskelen skal leggast. Kommunen ønskjer at meldingsterskelen skal vere låg, men til sist er det den enkelte medarbeidar sitt kvalifiserte skjønn som avgjer. Avvik skal om mogleg løysast på lågast mogleg nivå i organisasjonen.

Melding av personlege feil/avvik skal normalt ikkje medføre direkte reaksjon mot den enkelte, men vedkommande må, på lik fot med andre, rette seg etter dei korrigerande tiltak som blir sett i verk.

Frå systemet kan ein ta ut ei rekke statistikkar og rapportar for oppfølgjande behandling av ulike typer hendingar som er registrert. Logg for hendingane blir registrert og systematisert i ein database kor leiarar opp til rådmannsnivå blir gitt tilgang til tilpassa rapportar og statistikkar innan sine relevante fag- og ansvarsområde. På den måten kan utvikling og trendar for innrapporterte hendingar følgjast opp fortløpende, og forbettingsstrategiar kan leggast, prioritert og budsjetterast.

Årshjulstiltak 2014



Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding (frå einingane)
- Leiardialogen
- Medarbeidarsamtalar
- Brukarundersøking barnehage
- Rekneskap og årsmelding (rådmannen)
- Brukarundersøking skule

Igangsette tiltak:

- Vernerunde

Komande tiltak:

- Tenestoplan (juni)
- Tertiarrapport T2 (august)
- Introduksjonsseminar (august)

Brukarundersøking BHG, resultat:

Svarprosenten i årets brukarundersøking barnehage vart på berre 54 %.

Nedgangen er ein trend me har sett dei siste åra. I tillegg valde ein barnehage å ikkje purre i særleg grad på si foreldrepruppe, noko som er ein medverkande faktor til den låge svarprosenten.

Samla snittresultat 2014 for barnehagane i Luster vart på 4,9 (av 6). Dette er same resultat som i 2012 og 2010. Landssnittet har i same periode auka frå 4,9 (2010) til 5,1 (2014)

Variasjonen i snittresultat 2014 mellom einingane, er frå 4,6 til 5,4.

Einingsleiarane vil som oppfølging ta ut ulike rapportar for si eining og analysere resultata og nytte det i vidare utviklingsarbeid.

Her er lenkje til resultata

ide banken
– for et arbeidsliv som inkluderer

HØYKONTRAST ÅA STØRRE SKRIFT

Innsikt Inspirasjon Klok grep Søk...

Den norske modellen Aktiv Bedrift får fart på de ansatte Fyrstikkspill skaper dialog

Gå til Innsikt Gå til Inspirasjon Gå til Klok grep



Idébanken.org er ein søkbar base av idear, inspirasjon og verktøy for bedrifter som vil bidra til eit inkluderande arbeidsliv.

[Lenke til nettstaden Idebanken.org](#)

Svein Tore er nytt hovudverneombod

Svein Tore Heltne tek over etter Ingeborg B. Eikeberg som nytt hovudverneombod (HVO) i Luster kommune.

Svein Tore jobbar til dagleg som kjøkensjef ved Luster omsorgssenter.

Kva oppgåver har hovudverneombodet?

Hovudverneombodet kan velgjast mellom eit av verneomboda eller ein annan person som har eller har hatt tillitsverv i verksemda, jfr. § 6 i AML.

Hovudverneombodet har ansvaret for å samordne verksemda til verneomboda.

Spørsmål som gjeld fleire verneområde skal leggjast fram for hovudverneombodet. Spørsmål om kva for verneområde ei sak hører under, blir avgjort av hovudverneombodet. Elles gjeld same reglar som for verneombod.

Hovudverneombodet sit i arbeidsmiljøutvalet (AMU) som ein av arbeidstakarrepresentantane.

Verne- og miljøsaker skal ein prøve løyse på det plan sakene oppstår.

Arbeidsleiinga på staden skal medverke til å løyse vernesakene direkte med verneombodet. Fyrst når ei sak ikkje let seg løyse lokalt, skal hovudverneombodet trekkjast inn i saka.

Kontaktinfo HVO:

Svein Tore Heltne

Tlf: 57 68 25 11

Mobil: 995 39 746

svein.tore.heltne@luster.kommune.no



Arbeidsmiljøutvalet (AMU):

Arbeidsmiljøutvalet er eit partssamansett utval etter Arbeidsmiljølova § 7-2.

Utvalet skal arbeide for eit forsvarleg arbeidsmiljø i heile verksemda.

Arbeidsmiljøutvalet skal ha ei rolle i planlegging av HMT - arbeidet, og følgje utviklinga i spørsmål som gjeld arbeidstakarane sin tryggleik, helse og velferd.

Arbeidsgjevar og arbeidstakar skal ha like mange representantar i utvalet.

Leiar for utvalet skal veljast skiftevis mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakarrepresentantar. Bedriftshelsetenesta møter også som rådgjevande organ, men er utan røysterett.

AMU har følgjande samansetjing i 2014:

Arbeidsgjevarrepresentantar:

Jarle Skartun (Leiar) - Rådmann

John Olaf Røhme - Ass. Rådmann

Gunvor Kjos-Wenjum - PO

Arbeidstakarrepresentantar:

Willy Vigdal - HTV Fagforbundet

Anne Siri Bentsen - HTV Utdanningsforbundet

Svein Tore Heltne - Hovudverneombod (HVO)

[Lenke til Arbeidsmiljølova § 7-2](#)

Sjukefråvær i Luster kommune

